

Hordalands-kysten...

...er fin. Han er faktisk mesta like brei som Helgelandskysten, men på ein annan måte. Der oppe er det nokså små øyar og klynger av øyar, med mykje open sjø mellom. I Hordaland er øyane større, og sunda og bassenga mellom dei er mindre enn på Helgeland. Det er altså meir som ein fjordkyst – men der fjordane og sunda i leia nordpå er breie og reinskrapa, er dei i Hordaland fulle av holmar, småøyar og naturhamner – over fire landmil innover i landet (Hardangerfjorden ikkje medrekna). Der kan ein liggja i le av stor skog (furu, hassel, ask, lind, alm....) og vente til kulingen gjev seg. Eller ein kan krysse og lense mellom nakne granitt-holmar i havgapet. Med korte etappar eller A til A-segling på denne kysten, vil ein alltid ha mange alternativ. Innover? Utover? Sørøver? Nordover? Einast om ein fer nordover frå Sunnhordland, smalnar kysten markant inn når ein passerer Bergen, før han atter vidar seg ut til fire alternative nord – sør-leier i Nordhordland.

Til Noreg å vera, ligg Hordaland langt sør, og har ein ikkje for mykje uflaks, vil det vera fin badetemperatur. Vissaste godværet er i nordavind – som ikkje er så kald her. Det gjeld berre å finne ei sørvend vik. Men den er kanskje full av hytter, her i oljerikdomsland? Tja, rundt Bergen er det mykje slik, men elles vil ein for det meste lett kunne finne naturhamner der ein måtte ønske. Vil ein vera sikker før ein er der, kan ein sjekke luffoto på norgeskart.no.



Skjærgårdssjåvinistene får tørke av seg sine fordomsfulle flir — det er ikke alle som må ro hele Hardangerfjorden både inn og ut. Bevismateriale fra siste etappe i 2019: Stord til Snilstvedtøy på null komma niks

Foto: Elise Tjørnsletten



Kveldssol og fine ferieforhold i Sunnhordland for Toril Hasle og gjengen
Foto: Marlen Ramstad

Litt å nemne:

- Inne i Hardangerfjorden øya Sild, med naturhamner, lystbåtkai og enger med frukttré i skogen.

- I bassenget ytst i Hardangerfjorden er det fleire klynger av små, skogkledd øyar med naturhamner: Skorpo, Ånuglo, Seløya m.fl. Meir av same sorten er det nedover mot fylkesgrensa og Åkrafjorden, langt inne.

- I havgapet heilt i sørvest, utanfor Bømlo, ligg fiskeværet Espevær, der det er tett i tett med båtgarasjar i hamna – naust som båtane flyt inne i. Eksotisk for dei fleste av oss.

- Like nord for Espevær ligg Hespriholmen, der folk i steinalderen henta ut 1000 tonn grønstein til øksar o.a., og selde han til store delar av landet.

- Vil ein ta ein avstikkar til Haugesund frå Espevær, må ein over det opne havstykket Sletta. Nordover kan ein derimot segle yttersida stort sett innanskjers oppover heile Hordalands-kysten.

- Bømlo er delt i to av to kanalar, Røyksundkanalen og Kuleseidkanalen. Dei kan ein ro medan ein vinkar til publikum.

Espevær er også et vinkevennlig sted. I jollen fra venstre: Marius Langeland, Elise Tjørnsletten, Karl Emil Grupe og Mathilde G. Vikene
Foto: Erik Sunde Apelthun





Hardanger byr på særdeles hengsekøyevennlige naturhavner (for eksempel på Anuglo) Foto: Tor Bolstad Jensen

- I Sagvågen på Stord, der mannskapsbytte er planlagt på fleire av etappene, glid Braute inn i miljøet på eit gammalt verft kystlaget driv. Dei har dusj og vaske-maskin. Og hus med tak. Og teltplassar.

- I landligge på innsida av Bømlo kan ein ta ein tur på fjellet Siggjo, 474 m høgt og eldgammalt landemerke. Namnet er avleidd av å sjå, og tyder 'den ein ser'. På toppen er det ei stripe av bergarten rhyolitt, som liknar flint, også den utnytta i steinalderen.

- Nord på yttersida av Bømlo er det eit Eldorado av holmar og småøyar. Når ein kjem dit, oppdagar ein at holmane er tre gonger så høge som ein ventar. «Granitt-tårn» er eit ord som melder seg. Litt lenger inne i dette øyriket, over på Fitjar-sida, blir holmane lågare, og kledd med furuskog. Området er kandidat til Noregs tettaste bestand av naturhamner.

- Eit liknande område finn du på vestsida av Tysnesøya, litt lenger nord. Vil du ikkje ha noko av den skogen, legg du deg lenger vest, i øykommunen Austevoll. Rikeleg med snau graniitt plassert i fine hamneformasjonar. På nordsida av Tysnesøya, rundt Stora Godøyna og Vetla Godøyna, er det naturhamner som objektivt sett er guddomlege. Godøya tyder 'gudeøya'; namnet er frå førkristen tid, og namnet siktar etter alt å døme til hamneforholda (eg har i trykken ein artikkel om dette). Det er fleire tronge sund som forgreinar seg, med viker mange stader, og furuskog.

- Lysøen i Lysefjorden sør for Bergen: Lystslottet til Ole Bull. Fint å liggja ved kaia. Kvartsdekte stiar.

- Skipsleia innanfor Sotra ved Bergen er òg oppdelt i fleire sund med flust av naturhamner. Eller ein kan gå yttersida.



Teltplassar fins også å oppdrive for den sterkt motiverte furukratt-camper Foto: Anja Wannag, 2018

- I Hjeltefjorden nordvest for Bergen feilnavigerte eg i 1999 inn i ein poll der det var fantastisk å bade. Eg vil ikkje seia kor det var, for alle må få gjera sine egne feil.

- Der to av leiene nordover frå Bergen møtest – Hjeltefjorden og Herdlefjorden – ligg Herdla, som er eit mini-mini-danmark. Hamna er fin, og ein kan sjå eit tysk krigsfly som styrta under krigen utstilt. Etterpå kan ein spekulere over kor på øya det var Egil Skallagrímsson reiste nidstong mot kong Eirik og dronning Gunnhild.

- Litt lenger nord, der øyrekka Sotra-Øygarden tek slutt, ligg det vesle fiskeværret Hernar – også med fantastisk hamn. Det var derifrå Grønlandsfararane ifølgje Landnámabok la ut i mellomalderen. Ein skulle sikte ut hamnesundet. Kanskje du har lyst til å prøve?



Hardanger igjen! Karina Solheim, Toril Hasle og Ingeborg Hasle har tollvind og sol Foto: Marlen Ramstad

- Endå lenger nord, når det nærmar seg Sogn – knøttkommunen Fedje (uttala /feie/), i havgapet. Kjend for mykje vind.

- Vil ein snu der, kan ein ta Lurefjorden innover og sørover, der Lyngheimuseet ligg, med fyldige tilbod til den som er nostalgisk i Braute- og Fosen-ånd.

- Då kjem ein etter kvart til Alverstraumen, som kan gå i seks til åtte knop. Segner seier at Braute under leiing av Josef Thingnes ein gong prøvde seg der i frisk medvind og full motstraum, og folk samla seg på land i spenning, og klappa og jubla då det gjekk med eit skrik.

- Så er det Bergen, då. På UNESCO-lista. Sjøfarts-tradisjonar og sånt.